

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.04.2018

Kjell Håland (A) sette på vegner av A, KrF, Sp, V, Frp og H fram slikt forslag:

1. «Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka og ber om synfaring i samband med neste utvalsmøte 24.05.2018 – og med orientering frå partane.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen presisere det idrettsfaglege i saka.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling utset saka og ber om synfaring i samband med neste utvalsmøte 24.05.2018 – og med orientering frå partane.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ber fylkesrådmannen presisere det idrettsfaglege i saka.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018

Beate Husa (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp og V fram slikt forslag:

«Endring punkt 2, andre setning:

.... gjennomføre planlagde tiltak i nokon grad er i konflikt ...

og i sjetten setning:

... må gesimshøgda reduserast vesentleg og nybygg/tiltak ...»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Husa sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at etablering av fleirbrukshall ved Mulebanen stør opp under fleire regionale mål, særleg knytt til folkehelse. Dette er positivt, men planarbeidet skapar også utfordringar knytt til andre regionale interesser som kulturminne og samferdsel og planen må difor endras og utviklas vidare.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at inngrepa i parken som er naudsynte for å gjennomføre planlagde tiltak i nokon grad er i konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser knytt til det heilskaplege lystgårdanlegget Christinegård, Askeladden ID 87127.

Det er knytt motsegn til dette punktet.

For at motsegna skal kunne trekkjast, må gesimshøgda reduserast vesentleg og nybygg/tiltak og landskap må koplast så harmonisk saman at opplevinga av det heilskaplege anlegget Christinegård

ikkje vert vesentleg negativt påverka. I samband med dette må det gjerast relevante justeringar i føresegnene.

3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at tilrettelegging for kollektivtransport i arealplanlegging er sentralt for å nå klimamål. Mulesvingen er endehaldeplass for linje 10, som er ein av dei mest frekvente basislinjene i Bergen. Plankartet bør rettast opp i høve til utforming av haldeplassar med meir, og det må sikrast tilstrekkeleg areal til framtidsretta drift av busslinjer i området.

Det er knytt motsegn til planforslaget på bakgrunn av manglande tilrettelegging for kollektivtransport.

Motsegn kan trekkjast dersom planforslaget vert revidert i samsvar med føringar gitt i Temaplan for låg- og nullutsleppsbusar og Trafikkplan Bergen. Behov for endringar er konkretisert i saka under kapittel om samferdsel.